



Vegard spela også i år i Jaren-korpset

Rosendal Musikkforening var det einaste korpset frå våre kantar som var med i Siddis Brass i Stavanger også i år og dei vann 4. divisjon med 2 uskedelingar på laget - veteranen Gunvald Friheim og Bjørn Naterstad. 11 korps var med i denne divisjonen. Vinnarlaget spela Kings and Queens som er sett saman av 7 lette og underhaldande melodiar.



Rosendal under ei øving

Også i år deltok uskedelingen Vegard Døssland i sitt faste elitedivisjonskorps Jaren Musikkforening frå Hadeland, dirigert av Ray Farr. Det måtte dette året ta til takke med sjetteplassen 6 poeng etter sigerherrene i heimelaget Stavanger Brass Band. Jaren har gjerne hevda seg sterkare enn dette året - såleis fekk dei tredjeplassen i fjor. Men denne gongen var konkurransen svært skarp og det var ikkje meir enn 3 poeng frå Hadelandkorpset og opp til tredjeplassen.

At Eikanger-Bjørsvik kom på andreklassen blant elitekorpsa var ikkje nokon overrasking. Ein av muskarane deira fekk underholdningsprisen - det var Vidar Nordli som spelar trombone.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen
Foto. Kvinnheringen og Hadeland